



---

## Retningsline

---

Til: Jarle Landås

Kopi til:

Saksbehandler: Personalsjef/Kjetil Morken  
Vår referanse: 18/605 - 1 / FE - 400, FE - 402, FE - 435  
Dato: 19.04.2018

---

**Emne: Retningslinjer for rekruttering – utplassering, inntak språkpraksis- arbeidspraksis i ulike stillinger og tiltak frå NAV i Radøy kommune.**

**Formål:** sikre god handsaming og forvaltning av personar på utplassering gjennom ulike tiltak frå NAV- arbeidsmarknadstiltak og så vidare.

### Bakgrunn/generell info:

Nav og andre arbeidsmarknadsaktørar vil ha kontakt med Radøy kommune som arbeidsgjevar med formål å få personar i praksis, opplæring og arbeid i Radøy kommune.

Døme på slike tiltak kan være:

- Arbeidspraksis
- Språkpraksis
- Arbeidstrening
- Arbeidsutprøving
- Kartlegging av restarbeidsevne
- Arbeidsgjevarutprøving
- Lønstillkot

Retningslinjene skal hjelpe Radøy kommune som arbeidsgjevar å handtere desse sakene på ein god og rettviss måte.

Slike utplasseringar må vurderast opp mot følgjande kriterier:

- Radøy kommune skal være ein raus arbeidsgjevar som tar sitt samfunnsansvar
- Det skal tildelast slike praksisplassar etter behov, fastsette kriterier
- det skal gjerast ei god nok saksbehandling før utplassering.
- fordeling av slike arbeidsplassar skal skje rettvist og ut frå saklege objektive kriterium

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



- vil ei slik tilsetjing /plassering fortrenge andre tilsetjingar eller bryte med kvalifikasjonsprinsippet ?
  - Dvs. at den som objektivt sette er best kvalifisert skal tilsetjast i offentlege stillingar. Vil tilsetjing i «sosiale» stillingar etter andre kriterier bryte dette prinsippet.
- Intern utlysing av stillingar for deltidstilsette med rett til utviding?
  - Vil ei slik tilsetjing fortrenge rett til utviding av stilling for deltidstilsete.?
- Vil denne utplasseringa føre til varig utviding av drift ved å mottak tilskot helt/ delvis i starten.?
- Vil tiltaket føre til rett til fast stilling etter faktisk arbeid / 3 årsregel osv.?

Som ei rettesnor er følgjande tiltak kategorisert:

Utprøving «på toppen»	Tilbakeføring til arbeid	Fører til Varig Utvida drift
Arbeidspraksis	Kartlegging av restarbeidsevne	Lønstilskot
Språkpraksis	Varig tilrettelagt arbeid i ordinær verksemd	
Arbeidsutprøving	Andre tiltak med «full finansiering frå NAV»	
Arbeidstrening		

Ordning med lønstilskot vil som hovudregel kunne føre til mellombels eller varig utvida drift.

Slike tiltak vil ein **ikkje kunne gå inn på** utan særskild godkjenning frå rådmannsnivå.

For alle andre ordningar kan ein avtale dette med aktøren.

Før ein inngår slike avtalar må leiar syte for at:

1. saka er opplyst om og drøfta med tillitsvalde på avdelinga
2. sikre at det er gjort forsvarleg sakshandsaming og vurdering av tildeling av personar til tiltaket
3. tiltakspersonen har naudsynte godkjenningar i form av ev politiattest, førarkort og andre godkjenningar naudsynt for oppgåvene
4. tiltakspersonen får naudsynt opplæring og oppfølging i utplasseringa
5. det er god skriftelg dokumentasjon i ACOS Fokus på avtale innhald, ordning og lengd for avtalen.
6. Det skal opprettast ei sak kalla Arbeidsmarknadstilta og namn på linje to. Denne skal opprettast i sakarkivet. Her vert dokumentasjon som avtalar, teieplikt, politiattest osv. lagra.

For tida har NAV Sosial eit særskilt trykk og forventning om at talet plassar med språkpraksis vert prioritert.

Rådmannen vil førebels være avventande med å setje i gang tiltak som inneber lønstilskot og varig utviding av drift.